



Tingvoll, 7.8.2025

Gjemnes kommune
post@gjemnes.kommune.no

FRÅSEGN – HØYRING AV E 39 – ASTAD – BJERKESET – REGULERINGSPLAN

Uansett nye alternativ vil mykje natur og mykje matjord bli svært negativt påverka. Nye areal blir bygd ned, knapt noko areal kan gå ut av samferdselsbruk og restaurerast. Når målet er breiare og raskare veg, så kan planane vere gode, men vi skal ein annan stad: å innrette oss slik at det er ein leveleg klode for dei som kjem etter oss. Når vi skal dit er 0-alternativet godt nok – eigentleg mykje betre.

0-alternativet

0-alternativet i denne saka er nok betre enn for mange liknande prosjekt. Det er gul midtstripe på heile strekninga og det er gang- og sykkelveg.

Dyreliv

Med gjennomføring av prosjektet vil ein forsterke verknaden på dyreliv av ein brei veg med stadvis høge gjerde frå Furset til Høgset. Å køyre på hjort i fart 90 km/t er elles noko heilt anna enn når farta er 60 km/t.

Storspove og vipe

Å vurdere verknaden på vipe og storspove er vanskeleg då fleire orsakar gjennom tiår har ført til ein redusert bestand. Å vite korleis artane bruka areala i den tida dei var i ein normalbestand er nødvendig for å kunne vurdere verknaden fullt ut. Å få nok ein vegtrase gjennom sentralt landskap for desse artane, vil venteleg forverre situasjonen for artane ytterlegare.

Framande artar

Oversynet over framande artar er ganske sikkert ikkje fullstendig. Førekomstar blir stadig vekk oppdaga når botanikarar går på tur i området. Ein må difor ta høgde for at det finst fleire førekomstar enn det som er kjent på eit tidspunkt. Vi trur at spansk kjørvel aukar på i området og er spesielt aktuell.

Jordflytting

Flytting av matjord skal hindre at dyrkajord går tapt. Det er ikkje funne udyrkbare areal som kan dyrkast. Jorda vil difor bli flytta til areal som er dyrkbare også utan jordflytting. Prosjektet reduserer dermed reserven av dyrkbar jord.

Kollektivløysing

Ein faktor som er viktig for kollektivbrukarar er kor lang tid ei reise tar, samanlikna t.d. med bil. Med ny veg vil rake vegen mellom Høgset og Fursetfjellet gå ein del fortare enn gamlevegen. Viss gjennomgåande bussrute køyrer same ruta, vil dette vere positivt for dei som skal ferdast heile strekninga. Knapt nokon av dei som bur på strekninga kan i framtida nytte seg av bussen om dette blir ordninga. At gjennomgåande buss køyrer gamlevegen vil føre til redusert tal passasjerar. Det må venteleg etablerast eit parallelt busstilbod langs gamlevegen på strekninga Høgset – Hjelset. Vi har ikkje klart å finne noko om kollektivløysinga i materialet som er lagt ut på høyring. Når dei nye forslaga skal samanliknast med 0-alternativet, er det nødvendig å ha ei utgreiing av kollektivløysinga. Både opplegg og kostnad må utgreiast.

Konklusjon

Planen skildrar ein veg vi ikkje har bruk for. Det vil vere betre å bruke nokre av millionane til utbetring av punkt langs noverande veg og resten til vedlikehald av noverande vegar elles.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær